

### **Behandling i Kommunestyret - 27.03.2019**

Representanten Erling Outzen, SV, la fram følgende interpellasjon:

**«Nei til atomvåpen!**

Ordfører.

I 2017 vedtok eit stort fleirtal av medlemslanda i FN ein traktat som går inn for forbod mot atomvåpen i heile verda. Solberg-regjeringa stemte imot, saman med atom-makter ein helst ikkje vil samanlikne seg med, som til dømes Nord-Korea. Den internasjonale kampanjen mot atomvåpen ICAN, som arbeider for eit slikt forbod, fekk same året Nobels Fredspris av den norske nobelkomiteen.

No har folket sjølv i mange lokalsamfunn tatt initiativ, trass i kva regjeringane deira står for. Kommunar har vedtatt å gå inn for atomvåpenforbod. Det gjeld byar som Manchester, Los Angeles, Sydney, Hiroshima og Nagasaki, men au Trondheim, Tromsø og snart Oslo her i landet. Det gjeld å skape eit press for nedrusting. Også i arbeidet for eit forbod mot landminer var det motstand, slik vi ser med atomvåpen. Men i dag har 80 % av statane i verda signert forbodet mot landminer. Takka vere dette internasjonale presset nedanfrå.

Når andre kommunar her i landet og i andre land har vedtatt støtte til eit atomvåpenforbod, går eg ut frå at dette kan også Sunndal gjere. Eg inviterer derfor kommunestyret til eit vedtak om at også vår kommune støttar eit globalt atomvåpenforbod.

Ordfører, vil du støtte eit slikt vedtak, som vi kan sende til regjeringa og alle partigruppene på stortinget?

**Forslag til vedtak:**

**Sunndal kommune er djupt bekymra for den alvorlege trusselen atomvåpen utgjær mot lokalsamfunn over heile verda. Vi meiner at innbyggjarane våre har rett til å leve i ei verd fri for atomvåpen. All bruk av atomvåpen, enten med vilje eller på grunn av feil eller uhell, vil ha katastrofale, omfattande og langvarige konsekvensar for menneske, samfunn og miljø. Derfor støttar Sunndal kommune FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og oppfordrar den norske regjeringa til å slutte seg til avtalen.**

**Erling Outzen (SV)»**

Ordfører Ståle Refstie la fram følgende svar i kommunestyret:

**«Svar til Erling Outzen på interpellasjon IN 2/19:**

**Nei til atomvåpen!**

I en interpellasjon spør Erling Outzen om jeg støtter følgende forslag til vedtak i kommunestyret:

Sunndal kommune er djupt bekymra for den alvorlege trusselen atomvåpen utgjær mot lokalsamfunn over heile verda. Vi meiner at innbyggjarane våre har rett til å leve i ei verd fri for atomvåpen. All bruk av atomvåpen, enten med vilje eller på grunn av feil eller uhell, vil ha katastrofale, omfattande og langvarige konsekvensar for menneske, samfunn og miljø. Derfor støttar Sunndal kommune FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og oppfordrar den norske regjeringa til å slutte seg til avtalen.

Den 3. mars fattet årsmøtet i Møre og Romsdal Arbeiderparti følgende enstemmige vedtak, etter forslag fra AUF: «Møre og Romsdal Arbeiderparti vil at Norge skal undertegne og ratifisere FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og i påvente av dette ønske den velkommen og delta som observatør på statspartsmøtene.»

Jeg støtter derfor forslaget fra Erling Outzen, og anbefaler kommunestyret å gjøre det samme.»

Forslaget til vedtak fremmet av Erling Outzen ble vedtatt med 26 mot 1 stemme.

**Vedtak:**

Sunndal kommune er djupt bekymra for den alvorlege trusselen atomvåpen utgjær mot lokalsamfunn over heile verda. Vi meiner at innbyggjarane våre har rett til å leve i ei verd fri for atomvåpen. All bruk av atomvåpen, enten med vilje eller på grunn av feil eller uhell, vil ha katastrofale, omfattande og langvarige konsekvensar for menneske, samfunn og miljø. Derfor støttar Sunndal kommune FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og oppfordrar den norske regjeringa til å slutte seg til avtalen.

Rett utskrift 12.04.2019:

Brit Helene Resell  
utvalgssekretær